

# Informasjon til deg som har opphald ved Etne omsorgssenter

## 1. Institusjonsplassar

Etne omsorgssenter har 33 institusjonsplassar fordelt slik:

Avdeling 1: 10 plassar for personar med demens

Avdeling 2: 20 plassar for korttid, rehabilitering og langtid

3 omsorgsbustader i første etasje vert nytta til institusjonsopphald

## 2. Besøk

Me har besøkstid heile dagen. Bruk rommet ditt, kantina eller uteområdet når du har besøk. Utanom opningstidene må du ringe til avdelinga på porttelefonen ved hovuddøra for å kome inn i bygget. Det kan vere eigne besøksrutinar under pandemi eller sjukdomsutbrot.

## 3. Møblement

Dersom du har fått tildelt langtidsopphald møblerer du rommet ditt sjølv.

Møblement må vere slik at ein kjem godt til for å utføre reinhald, det må vere plass til hjelpemidlar og det må ikkje vere til hinder for evakuering. Det ver anbefalt å ikkje ha golvteppe grunna reinhald og fare for fall. Bruk bildehylle til bilde. Ved behov for å henge opp andre stader ta kontakt med personalet.

Korttidsromma har enkelt møblement.

## 4. Vask av privat tøy

Vask av privattøy vert utført i avdelinga til deg som har fått tildelt eit langtidsopphald. Klede skal vere merka med namn, tåle maskinvask og ikkje farga av (tekstil som ull og silke må ein ta ansvar for sjølv). Kommunen erstattar ikkje tøy som forsvinn eller vert øydelagt i vask. Pårørande har ansvar for merking av tøy og innkjøp av nye klede. Ta kontakt med avdelinga for å få råd om praktiske klede og undertøy.

## 5. Røyking

Det er ikkje høve til å røyke inne på omsorgssenteret eller ved hovudinngangen.

## 6. Tv, internett og aviser

Det er tv på alle pasientrom. Utan abonnement får du tilgang til NRK kanalane. Dersom du ynskjer fleire kanalar må du ha eige abonnement (Rikstv). Då kan datapunktet bak TV nyttast.

Aviser og blader abonnerer du på sjølv. Omsorgssenteret abonnerer på eit eksemplar av Grannar og eit av Haugesund Avis. Det er Wifi som du som pasient kan nytte. For å få tilgang til dette må du signere på retningslinjene før utlevering av kode. Besøkjande må nytte gjestenettet.

## 7. Velvære

Det er hud og fotpleietenester i 1 etasje, dette er tenester du kan nytte mot betaling.



## 8. Verdisaker

Det er ynskjeleg at du har litt lommepengar tilgjengeleg. Me ønsker at større beløp blir låst inn og oppbevart i eige skap, ta kontakt med avdelinga. Omsorgssenteret tek ikkje ansvar for verdisaker som du oppbevarer på rommet ditt.

## 9. Kontakt med pårørande

For å kunne gi eit godt tilrettelagt tilbod til pasienten er det viktig med eit godt samarbeid med pårørande. Kvar pasient får oppnemnt ein primær—og sekundærkontakt. Ta gjerne kontakt med ein av desse om du har spørsmål eller innspel.

Pasienten vel ein person som skal vere ”næraste pårørande”. Det er denne personen me tek kontakt med og som må formidle informasjon vidare til evt andre pårørande.

## 10. Legetilsyn

Det er lege på huset tysdag og torsdag. Du vil elles få tilsyn etter behov. Ynskjer dine pårørande samtale med lege kan dei ta kontakt med sjukepleiar i avdelinga for å laga avtale. Samtale utanom desse dagane må evt avtalast med legekantoret.

## 11. Andre helsetenester

Dersom du har behov for fylgje til planlagde undersøkingar, tannlegebesøk eller liknande vert det sett stor pris på om dine pårørande kan fylgje.

## 12. Fysioterapeut og ergoterapeut

Har trenings lokale i 1. etasje. Det er fysioterapeut og ergoterapeut som vurderer behovet for behandling. Viser til tenesteomtalar på kommunens nettsider.

## 13. Brukar og pårørande råd

Det er oppretta eit brukar og pårørande råd. Rådet skal vere ein brubyggjar mellom brukarar og dei tilsette og mellom pårørande og omsorgssenteret si leiing. Målet er å sikra medverknad som gjeld personleg og sosial trivnad for bebuar og pårørande ved omsorgssenteret. Det heng oppslag i avdelinga om kven som er i rådet og diverse informasjon frå møter og liknande. Ønskjer du informasjon frå rådet på e-post eller ynskjer å vere med å hjelpe til på ulike arrangement kan du ta kontakt med administrasjonen som formidlar kontakt vidare

## 14. Pris for opphald

For korttidsopphald under 60 dagar må du betale 180,- pr døgn (2022). Du får faktura for opphaldet.

For langtidsopphald eller korttidsopphald over 60 dagar vert betalinga rekna ut etter inntekta og dine personlege økonomiske forhold. Du får eige betalingsvedtak.





## Velferdsteknologi

Etne omsorgssenter er eit moderne omsorgssenter som er godt tilrettelagt for bruk av velferdsteknologi.

Målet er at du skal oppleva tryggleik , kunna bevege deg friare og oppleve gode tenester. Noko av teknologien er :

**Alarmsmykke:** Du får tildelt eit armband med eit alarmsmykke. Ved å trykke på knappen får tilsette melding om at du har behov for hjelp og kor du oppheld deg.

**Mobil tryggleiksalarm:** Dersom du vil gå ut på tur men har problem med å finne vegen tilbake eller er redd for at noko skal hende på vegen, kan du få låne ein mobil tryggleiksalarm. Du kan trykke på ein knapp for å tilkalla hjelp. Denne har innebygd GPS som gjer att kan personalet kan finne deg om du ikkje kjem att innan avtalt tid.

**Roommate eller rom venn:** Er eit infrarødt kamera som er plassert på alle rom. Dersom du ynskjer det kan nattevaktene sjå til deg på faste tider om natta. Denne sensoren vil også tilkalle personalet om du fell på golvet. Du kan lese om denne på nettsida: <https://www.roommate.no>

**Sensorteknologi:** Dersom du sjølv ikkje klarer å tilkalla hjelp kan det aktiverast sensorar som tilkallar personalet om du har behov for hjelp. Sensorar kan enkelt skrus av og på etter behov og kan varsle t.d at du er på veg ut av senga, ikkje er tilbake i senga etter ei viss tid, at du er gått ut av rommet, at du er gått ut av avdelinga, at du ropar etter hjelp eller liknande.

Varslingane som skal sendast frå deg skal vere nødvendige, tilpassa dine behov og du skal få informasjon og vere einig i dette. Dersom du sjølv ikkje klarar å forstå eller utrykke kva du sjølv vil er det egne rutinar for dette for å sikre at dine interesser vert ivaretatt på best mogleg måte. Du kan kva tid som helst seie frå om du ikkje lenger ynskjer at desse varslingane skal sendast.

## Viktige telefonnummer

|                                 |             |
|---------------------------------|-------------|
| Hovudtelefon administrasjon     | 53 75 81 40 |
| <b>Avdeling 1</b>               |             |
| Vaktrom                         | 53 75 81 46 |
| <b>Avdeling 2</b>               |             |
| Vaktrom                         | 53 75 81 61 |
| <b>Avdeling Omsorgsbustader</b> |             |
| Vaktrom                         | 53 75 81 47 |
| Pleie og omsorgsleiar           | 53 75 81 42 |
| Teneste kontoret                | 53 75 81 49 |

## Adresse:



Etne Omsorgssenter  
Holmavegen 30  
5590 Etne